

Innkalling

Utval	Stranda kontrollutval
Møtestad	Stranda rådhus, møterom Øyna
Dato	05.05.2022
Tidspunkt	kl 16:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 90741399

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Sakliste

PS 10/22	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 11/22	Meldingar
MS 03/22	Referat frå oppstartsmøte forvaltningsrevisjon
PS 12/22	Uttale om årsrekneskap og årsmelding 2021 Stranda kommune
PS 13/22	Oppfølging av henvending vedrørende Stranda Eigedomsselskap AS

Ålesund, 28.04.2022

Helge Kvame
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 10/22	Stranda kontrollutval	05.05.2022

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Protokoll - Stranda kontrollutval - 29.03.2022

Møteprotokoll

Utval	Stranda kontrollutval
Møtestad	Stranda rådhus, formannskapsalen
Dato	29.03.2022
Tidspunkt	kl 16:00 - 16:50

Følgjande medlemmer møtte

Anne Melgaard Tårn
Eva Rinde Habostad
Helge Kvame
Vebjørn Skog

Forfall

Per Ingebrigt Karbø

Møtande varamedlem

Lars Birger Stige

Møtenotat

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA møtte oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram og forvaltningsrevisor Anne Kristin Bryne. Frå kommuneadministrasjonen møtte rådmann Åse Elin Hole.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte Bjørn Tømmerdal.

Rådmannen ga kontrollutvalet ei oppdatering på korleis kommunen er førebudd på mottak av flykningar frå Ukraina.

Kontrollutvalet vedtok å halde ekstramøte torsdag 5. mai 2022 kl. 16.00 for handsaming av årsrekneskap og årsmelding 2021.

Helge Kvame
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Sakliste

- PS 06/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 07/22 Meldingar
- MS 02/22 Forum for kontroll og tilsyn FKT - konferanse Kløfta 8. og 9. juni 2022
- PS 08/22 Uttale om årsrekneskap og årsmelding 2021 Stranda Hamnevesen KF
- PS 09/22 Handsaming av skisse for forvaltningsrevisjon - kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa

PS 06/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Stranda kontrollutval 29.03.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

STKU - 06/22 vedtak

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 07/22 Meldingar

MS 02/22 Forum for kontroll og tilsyn FKT - konferanse Kløfta 8. og 9. juni 2022

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Stranda kontrollutval 29.03.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

STKU - 02/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

PS 08/22 Uttale om årsrekneskap og årsmelding 2021 Stranda Hamnevesen KF

Tilråding til uttale:

Med grunnlag i kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga uttaler kontrollutvalet følgjande:

Stranda kontrollutval tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2021 for Stranda Hamnevesen KF.

Stranda kontrollutval 29.03.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

STKU - 08/22 vedtak

Med grunnlag i kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga uttaler kontrollutvalet følgjande:

Stranda kontrollutval tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2021 for Stranda Hamnevesen KF.

PS 09/22 Handsaming av skisse for forvaltningsrevisjon - kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner skissa for forvaltningsrevisjon innan kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa i Stranda kommune, med den framdriftsplan og ressursbruk som er skissert.

Utvalet ber sekretariatet kvalitetssikre at dei moment som kjem fram i møtet vert tatt inn i prosjektskissa.

Kontrollutvalet ber om at forvaltningsrevisor held sekretariatet informert undervegs og at utvalet vert orientert om der er behov for vesentlege endringar i prosjektet.

Stranda kontrollutval 29.03.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

STKU - 09/22 vedtak

Kontrollutvalet godkjenner skissa for forvaltningsrevisjon innan kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa i Stranda kommune, med den framdriftsplan og ressursbruk som er skissert.

Utvalet ber sekretariatet kvalitetssikre at dei moment som kjem fram i møtet vert tatt inn i prosjektskissa.

Kontrollutvalet ber om at forvaltningsrevisor held sekretariatet informert undervegs og at utvalet vert orientert om der er behov for vesentlege endringar i prosjektet.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 11/22	Stranda kontrollutval	05.05.2022

Meldingar

Underliggende saker

03/22 Referat frå oppstartsmøte forvaltningsrevisjon

Saksframlegg

Saksnr. MS 03/22
Utval Stranda kontrollutval

Møtedato
05.05.2022

Referat frå oppstartsmøte forvaltningsrevisjon

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Sjå vedlagte melding frå Møre og Romsdal Revisjon SA knytt til oppstartsmøte forvaltningsrevisjon - kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa.

Vedlegg

Referat oppstartsmøte 19.04.2022 forvaltningsrevisjon - Stranda kommune

REFERAT OPPSTARSMØTE FORVALTNINGSREVISJON STRANDA KOMMUNE

Dato: 19.04.22

Tid: kl 09.30-10.00

Til stades:

Frå Stranda kommune:	
Åse Elin Hole	Kommunedirektør
Tone Lillebø	Kommunalsjef oppvekst
Frå Møre og Romsdal Revisjon:	
Kurt Løvoll	Oppdragsansvarleg
Anne Kristin Bryne	Forvaltningsrevisor

MMR hadde invitert til oppstartsmøte pr brev til kommunedirektør datert 31.03.22.

I møte blei prosjektplan gjennomgått:

- Problemstilling(ar) frå prosjektplan, samt innspel frå Kontrollutval:
Stranda kommune har hatt fleire medieoppslag kring rasisme i kommunen. Det er derfor ønskeleg at dette perspektivet blir ein del av forvaltningsrevisjonen – som eit eige kapittel. Det bør drøftast korleis skolane jobbar med dette tema i intervju med einingsleiarane.
- Metode og avgrensingar
 - Intervju:
Tilsette i kommunen (Kommunalsjef oppvekst, Rektor Ringstad skule, Rektor Sunnylven skule, Rektor Geiranger skule og barnehage). Kommunen gir informasjon til dei tilsette om forvaltningsrevisjonen.
 - Mappegjennomgang:
Forvaltningsrevisor vil be rektor å velje namn frå klasseliste og be om å få sjå eventuell dokumentasjon på undervegs-vurderingar av desse - med bakgrunn i rektor sin beskriving av skolen sin vurderingspraksis.
 - Dokumentanalyse:
Overordna dokumenter knytt til Stranda kommune sitt grunnskuleområde (til dømes oppvekstplan, skoleeigarstrategi og andre styringsdokument)
- Informasjonsbehov:
 - Stranda kommune sine prosedyre på området – både på skuleigarnivå og på skulenivå
 - Tilstandsrapportar for grunnskolen i Stranda for åra 2019, 2020 og 2021

- Utskrift av resultat frå nasjonale prøvar gjennomført på 5., 8. og 9. årstrinn i skoleårene 19/20 og 20/21, samt eventuell prosedyre for etterarbeid med resultat
 - Utskrift av resultat frå gjennomført elevundersøking for 2019, 2020 og 2021, samt eventuell prosedyre for etterarbeid med resultat
 - Stranda kommune si rapportering til Grunnskolens Informasjonssystem (GSI) 2019, 2020 og 2021
- Framdriftsplan
Slik den er framsett i Prosjektplan.

Kontaktperson i Stranda kommune for forvaltningsrevisjonen blir kommunalsjef Tonne Lillebø.

Anne Kristin Bryne
-referent

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 12/22 Stranda kontrollutval

Møtedato
05.05.2022

Uttale om årsrekneskap og årsmelding 2021 Stranda kommune

Tilråding til vedtak:

Med grunnlag i kontrollutvalet sine aktivitetar retta mot økonomiforvaltninga uttalar kontrollutvalet følgande:

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga 2021 for Stranda kommune.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har det overordna ansvaret med å sjå til at det blir ført kontroll med at økonomiforvaltninga til kommunen gjeng føre i samsvar med gjeldande avgjerder og vedtak, jf. kommunelova § 23-2.

Ansvaret til kontrollutvalet for å føra kontroll med økonomiforvaltninga blir framheva i kommunelova som eit særskilt ansvar ved sida av ansvaret for rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapkontroll.

Dagens kommunelov stiller ei rekke nye og grunnleggande krav til økonomiforvaltning og berekraft i kommunane, jf. kommunelova § 14-1.

Dette krev at økonomisk handleevne må varetakast over tid, planar for eiga verksemd og økonomi skal vera realistiske, finansielle middel og gjeld skal forvaltast utan vesentleg finansiell risiko og betalingsforpliktingar skal innfriast ved forfall.

Ny kommunelov forsterkar altså desse krava og legg ansvaret på kommunestyret til å sjå til at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og eigne bestemmingar.

Kontrollutvalet sitt ansvar er å uttala seg til kommunestyret om årsrekneskapen og årsmeldinga før formannskapet innstiller til vedtak, jfr. kommunelova si § 14-3.

Ny kommunelov har ein presisering om at kontrollutvalet sin uttale også skal handla om årsmeldinga. Tidlegare tok kontrollutvalet årsmeldinga berre til vitande.

Vurdering:

Kontrollutvalet skal 5. mai 2022 behandla årsrekneskapen og årsmeldinga for 2021 for Stranda kommune som er lagt fram av kommunedirektøren 31. mars 2022 og dessutan tilhøyrande revisjonsmelding datert 19. april 2021.

Kommunen har i 2021 eit netto driftsresultat på 737.958 kr og eit netto negativt driftsresultat i den konsoliderte årsrekneskapen på 1 661 765 kr. Revisor har i revisjonsmeldinga ikkje gitt merknadar til årsrekneskapen eller årsmeldinga.

Det er opp til kontrollutvalet sjølv å bestemma kva uttalen frå kontrollutvalet til årsrekneskap og årsmelding skal innehalda. Verken kommunelova eller kontrollutvalsforskrifta stiller konkrete krav til innhaldet, ut over at den skal knyta seg til forhold i årsrekneskapen eller årsmeldinga og tilhøyrande revisjonsmelding. Vi vil likevel sjå nærare på finansielle måltal og budsjettavvik.

Årsrekneskapen

Kontrollutvalet skal kontrollera at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og at kommunestyret sine målsetjingar er oppfylt.

Kontrollutvalet kan følgeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagde årsrekneskapen, kommunedirektøren si årsmelding og revisjonsmeldinga.

I tillegg har oppdragsansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon. Revisor har bekrefta at bokføringa er i tråd med bokføringsregelverket. Ingen avvik er rapportert eller avdekt gjennom året frå kommunerevisjonen.

Kommunedirektøren si årsmelding

Årsmeldinga skal mellom anna omtala forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklinga og stillinga, og om desse varetar den økonomiske handleevna over tid.

Det er nærliggande å vurdere dette som sentrale moment i uttalen frå kontrollutvalet. Årsmeldinga skal innehalda vurdering av :

- kommunen sin måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg tyding for kommunen eller innbyggjarane.
- tiltak som er sett i verk og tiltak som blir planlagt sett i verk for å sikra ein høg etisk standard.
- den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling.

- kva kommunen gjer for å oppfylle aktivitetsplikta til arbeidsgivar etter likestillings- og diskrimineringslova § 26.

Årsmeldinga gir tilfredsstillande opplysningar i forhold til desse punkta. Revisor melder òg i sin revisjonsmelding at årsrekneskapen inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev. Opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Finansielle måltal

Hovudformålet med økonomiforvaltninga etter kommunelova § 14-1 er å vareta økonomisk handleevne. Kommunestyret skal sjølv vedta finansielle måltal for utviklinga av kommuneøkonomien, og vil normalt omtale utviklinga av finansielle måltal i årsmelding. Dette finn oss på side 14 i årsmeldinga.

Budsjettavvik

Kontrollutvalet har i arbeidet sitt med førebuing til uttale om årsrekneskap og årsmelding 2021 fått kunnskap om dei nye krava som blir stilte til kommunedirektøren om å gjere greie for moglege budsjettavvik. Dette er òg omtalt i sjølve årsmeldinga på side 19 og i revisjonen sin melding på side 3. Her gjer revisjonen greie for det ansvaret som ligg i å forklara både beløpsmessige avvik og premissane for dette.

Samandrag:

Med grunnlag i kontrollutvalet sine aktivitetar retta mot økonomiforvaltninga og etter ei samla vurdering, tilrår kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmeldinga for 2021 blir godkjent slik den ligg føre.

Dette bygger på ulike orienteringar og saker frå kommunerevisjonen i løpet av året.

Kontrollutvalet har fått presentert revisjonsplan, forenkla etterlevingskontroll og interimrevisjon. Slik sett har kontrollutvalet eit godt fagleg grunnlag for å gje sin uttale. Revisjonsmeldinga er ei normalmelding gitt utan atterhald. Dette betyr at revisjonen ikkje har avdekt eller påvist vesentlege feil og manglar i kommunen sin rapportering.

Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold i dialog med revisor som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jfr kommunelova § 14-3

Vedlegg

Revisjonsmelding 2021 - Stranda kommune
Årsmelding 2021 - Stranda kommune
Årsrekneskap 2021 - Stranda kommune
Årsrekneskap konsolidert 2021 - Stranda kommune

Til kommunestyret i Stranda kommune

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Kommunedirektøren

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Stranda kommune som viser eit netto driftsresultat på kr 737 958 og eit netto negativt driftsresultat i den konsoliderte årsrekneskapen på kr 1 661 765.

Årsrekneskapen er samansett av:

- Kommunekassa sin årsrekneskap, som består av balanse per 31. desember 2021, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og
- Konsolidert årsrekneskap som består av balanse per 31. desember 2021, driftsrekneskap og investeringsrekneskap, for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- oppfyller kommunekassa sin årsrekneskap gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2021, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.
- oppfyller den konsoliderte årsrekneskapen gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Stranda kommune som økonomisk eining per 31. desember 2021, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta "Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen". Vi er uavhengige av kommunen, slik det er krav om i lov og forskrift, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon

Kommunedirektøren er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga elles tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga eller anna ytterlegare informasjon tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har ikkje noko å rapportere om det.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav, og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» og «Uttale om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår uttale om andre lovmessige krav.

Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med kommunelovas regler og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik intern kontroll han/ho finn nødvendig for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar, basert på årsrekneskapen.

For meir omtale av revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen, sjå www.nkrf.no/revisjonsberetninger - revisjonsberetning nr. 1.

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Uttale om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Stranda kommune si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

Konklusjon


Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Kommunedirektøren sitt ansvar for å forklare budsjettavvik og revisor sine oppgåver og plikter knytta til uttale om budsjettavvik

For meir omtale av Kommunedirektørens ansvar for forklaring til budsjettavvik og revisor sine oppgåver og plikter ved fråsegn om forklaringa til vesentlege budsjettavvik vises det til www.nkrf.no/revisjonsberetninger - revisjonsberetning nr. 1.

Ålesund, 19. april 2022

Møre og Romsdal Revisjon SA



Kathrin Haram

oppdragsansvarlig revisor

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 13/22 Stranda kontrollutval

Møtedato
05.05.2022

Oppfølging av henvending vedrørende Stranda Eigedomsselskap AS

Tilråding til vedtak:

Saka leggest fram uten tilråding til vedtak.

Kontrollutvalet må med bakgrunn i den informasjonen som kjem fram i møte vurdere om ein ønskjer å gå vidare med saka.

Bakgrunn:

Leiar Helge B. Kvame mottok ei henvending mandag 4. april 2022 vedrørende anbodsinnbyding på bygging av boliger i Liabygda og Hellesylt. Henvendinga kom frå dagleg leiar Vegard Emdal i Ous & Emdal Bygg AS. Her kjem det fram fleire påstandar om korleis Stranda kommunale eigedomsselskap AS handterar spørsmål om habilitet i sitt selskap.

Sekretariatet sendte brev og bekrefta at henvendinga var motteken og journalført på vegne av Stranda kontrollutval.

Vurdering:

Kontrollutvalet har ein generell innsyns- og undersøkingsrett i kommunen, jf. kommunelova § 23-2 tredje ledd. Denne retten er ikkje avgrensa av at opplysningar er omfatta av teieplikt, og han gjeld opplysningar, utgreiingar eller dokument som er naudsynte for at kontrollutvalet skal kunne gjennomføre sine oppgåver.

Innsynsretten omfattar også informasjon i selskap organiserte som interkommunale selskap (IKS), interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefellesskap, aksjeselskap som er heileigde av kommunen (sjølv eller saman med andre kommunar) og heileigde dotterselskap av IKS eller heileigde aksjeselskap, jf. kommunelova § 23-6.

Det er berre kommunestyret som kan påleggje kontrollutvalet oppgåver. Når det gjeld førespurnader frå andre partar, må kontrollutvalet sjølv vurdere om utvalet vil handsame førespurnaden eller ikkje.

Det kontrollutvalet kan gjere, er å undersøkje førespurnader som kan tyde på svikt i den kommunale sakshandsaminga eller at kommunen ikkje følgjer lovene og retningslinjene han er underlagd. Fokuset bør vere på systemkontroll.

Kontrollutvalsekretariatet har på vegne av leiar Helge B. Kvame bede eigedomsselskapet kome til kontrollutvalet sitt møte 5. mai og gje ei generell orientering om korleis dei handterar spørsmålet om habilitet. Dette kan gje kontrollutvalet eit grunnlag for å vurdere om ein skal foreta ytterlegare oppfølging og undersøking. Sekretariatet har motteke ein epost frå dagleg leiar i eigedomsselskapet som seier noko om rutinane i selskapet knytt til habilitet. Denne eposten er vedlagt.

Vedlegg

Henvending om anbodsinnbyding 4-mannsbustader Liabygda og Hellesylt
Svar frå Stranda eigedomsselskap AS på spørsmål om habilitet

Ous & Emdal Bygg AS

Ødegårdsvegen 125

6200 Stranda

Epost: vegar@ous-emdal-bygg.no

Org nr: 968 515 640

Tlf: 70 26 20 60

Mob: 91 58 03 68



Stranda Eigedomsselskap AS v/styreleiar Runar Paulsen

Kyrkjegata 13

6200 Stranda

Vedr anbodsinnbydelse Nye 4-mannsboliger Liabygda og Hellesylt

Ous & Emdal Bygg AS har blitt innbydt til anbodskonkurranse basert på prekvalifisering, der Stranda Eigedomsselskap AS etterspør oppføring av minimum to (2) stk 4-mannsbustader i Liabygda og Hellesylt. Tilbudet er basert på ei totalentreprise ihht NS8407, med ein vedlagt byggebeskrivelse for prosjektet.

Føringane for tomt Liabygda gbnr: 8/103 er uklare mtp opparbeiding av tomtegrunn, då grunnlaget seier at det er mogleg med 2stk 4-mannsbustader og det vil vere naturleg å opparbeide grunn med tanke på dette, men ingen direkte føringar på om det skal opparbeidast grunn for to bygg. Vidare i den generelle beskrivelsen er det spesifisert at totalentreprenør er ansvarleg for at alle kostnadspostar mtp rør og vatn blir tatt med. Det er og merka at asfaltering og opparbeiding av vegar og opparbeiding av grøntareal skal takast med. Utan å legge føringar på antal bygg ser vi på dette som for usikkert grunnlag for utlevering av pris. For at dette skal vere eit likt konkurransegrunnlag må føringane vere betre avklara, eller så må tomta opparbeidast av Stranda kommune klar til sole, jf beskrivelse for tomt Hellesylt.

Det fleire forhold med byggebeskrivelsen som er konkurransevidande. Kravet om å føre opp bustadane med SINTEF-godkjende element utelukkar aktørar som førar opp bustader med tradisjonelt handverk på byggeplass, då det ikkje er alle aktørar som har tilgang på prefabrikkerte element blant sine respektive avtaleverk. Dette vil heller ikkje påverke byggetida eller kvaliteten i nemneverdig betydning som argumentert i innbydelsen.

Vidare er det og vist til fleire leverandørspeisike produkt, bla LEBA skyvedørsgarderober som er krevd brukt i bustadane.

Då Stranda Eigedomsselskap AS er eit selskap eigd 100% av Stranda Kommune, stiller vi og spørsmål om habiliteten til prosjektleiar Konbygg AS ved Eldar Nordstrand og styreleiar i Stranda Eigedomsselskap Runar Paulsen. Dette er som følgje av deira involvering i firmaet Årsethaugen AS (orgnr 995 372 401) der Runar Paulsen sitt som dagleg leiar og styreleiar, med Eldar Nordstrand som styremedlem, og der begge har eigerinteresser gjennom sine respektive selskap Ruve AS og Konbygg AS. Årsethaugen AS har ifølgje offisiell firmainformasjon, oppføring av bygningar som hovudføremål, og har på si eiga heimeside, <https://aarsethaugen.byggmann.no/> sterke tilknytningar til Byggmann-kjeda. Her reklamerer dei og med sal av leilegheiter i 4-mannsbustad, med tilsynelatande lik utføring som etterspurd i byggebeskrivelsen levert av Konbygg AS. Med så sterke tilknytningar til Byggmann-

Ous & Emdal Bygg AS

Ødegårdsvegen 125

6200 Stranda

Epost: vegar@ous-emdal-bygg.no

Org nr: 968 515 640

Tlf: 70 26 20 60

Mob: 91 58 03 68



kjeda er det og påfallande at desse skal sitte som sluttningstakarar på vegne av eit kommunalt føretak, då det har kome fram at det er eit firma i Byggmann-kjeda som også har blitt prekvalifisert til anbodet. Det heile gir eit intrykk av ein prissjekk av dei andre aktørane i markedet, meir enn ein seriøs anbodskonkurranse.

Med grunnlag av denne byggebeskrivelsen og nemnde punkt ang habiliteten til både Styreleiar og prosjektleiar, vil Ous & Emdal Bygg AS ikkje levere anbod.

Med helsing for

Ous & Emdal Bygg AS

Stranda 18.03.2022

Vegar Emdal, Dagleg leiar

Emne: Spørsmål om habilitet

Til: Bjørn Tømmerdal <bjorn.tommerdal@sksiks.no>

Sendt: 08.04.2022 11:27:52

Fra: Stranda Eighedselskap as <ijl@strandaeigedom.no>

Hei,

SES har ingen skriftlige rutiner for habilitetsvurderinger, men siden styret (med unntak av styreleder) sitter

I kommunestyret, så gjelder samme regler i SES sitt styre som for politikerne i Stranda Kommune. Dvs. at dersom

der er grunn til å tro at en representant er inhabil, så ber vedkommende å få sin habilitet vurdert. Dette skjer

fra sak til sak i styret eller representantene sender inn Kommunens eget skjema for å få sin habilitet vurdert.

Mvh,



IVAR JAN

DAGLIG LEDER

ijl@strandaeigedom.no | 91 89 50 27

Kyrkjegata 13 | 6200 Stranda

faktura@strandaeigedom.no | faktura.fjordgarden@strandaeigedom.no